

ÅRSPLAN FOR SFO



FLATDAL BARNESKULE 2015-2016

INNHALD

Innhald	2
Kort om skulefritidsordninga	3
Opningstider og tilbod i feriane	4
Påmeldingsfristar	5
Personalet ved SFO	6
Hovudmålsetjing	7
Dagsrytmen	8
Aktivitetar	9
Samarbeid	10
Litt praktisk informasjon	11

KORT OM SKULEFRITIDSORDNINGA

SFO held til på A-salen. Vi kan nytte 1. og 2. klasserommet og Samfunnshuset når vi vil. I tillegg nyttar vi skuleområdet.

SFO legg stor vekt på frileik, men det er også mogeleg å få delta på vaksenstyrte aktivitetar. Vi vil i år ha fastsette aktivitetar nokre dagar. Eit eksempel er gruppevis matlaging på onsdagar.

Pr 20.08.14 er det 15 ungar som har eit SFO- tilbod.

Av desse barna er:

- 7 barn 1. klassingar
- 2 ” 2. ”
- 3 ” 3. ”
- 3 ” 4. ”

Det er ikkje tilbod om SFO på torsdagar p.g.a for få påmelde.



OPNINGSTIDER OG TILBOD I FERIANE

SFO har disse opningstider:

Måndag- tysdag- onsdag og fredag: Kl 7.30- 8.30
Kl 14.10- 16.30

I tillegg blir det gjeve tilbod om opphald i feriar og skulefridagar.

Vi sender ut ferielister i god tid føre feriar. Listene må leverast tilbake sjølv om tilbodet ikkje skal nyttast. Då veit vi at lappane er lese. Ved 4 påmelde eller fleire vert det heldt ope.

NB! Blir lappane levert for seint vil de ikkje få nytte tilbodet i feriane eller fridagane!

NB! Hugs at bestilte timar må betalast for sjølv om dei ikkje blir nytta.

SFO er stengt:

- I juleferien
- I juli
- 3 planleggingsdagar

Rektor på Flatdal skule er leiar av SFO.

Rektor har kontortid:

- Måndag: 08.00-14.00
- Tysdag: 08.00-10.00 12.30- 15.30
- Onsdag: 11.30- 14.00
- Torsdag: 08.00-15.30
- Fredag: 11.30- 12.00 13.30-14.00

Telefonnummer til skulen/SFO: 350 51 360/350 51 361(personalrom/A-sal)

Dersom du lurar på noko rundt dei daglege rutinene: 9437 25 73 (Linda Christine Greiner) eller 913 58 741 Christina Rue

PÅMELDINGSFRISTAR:

Det leverast ut påmeldingsskjema i god tid før fristane.

Veke 41: Haustferie	Påmeldingsfrist: 18.09
Veke 8: Vinterferie	" 22.01
Måndag, tysdag, onsdag 21., 22. og 23.mars: Påskeferie	" 26.02
Fredag 06.05: Skulefri 15.04	" "
Sommarferien:	" 29.04



PERSONALET VED SFO

Tilsette ved Flatdal SFO 2015/ 2016:

Ansvarleg morgon:

Assistent: Andrea Battaglia

Tlf: 48054126

Ansvarlege ettermiddag:

Linda Christine Greiner

Tlf: 94372573

Christina Rue

Tlf: 91358741

Særskild tilrettelegging enkeltelev:

Assistent/barne- og ungdomsarbeider, Linda Torsdalen Angre

Tlf: 97018899

Vikar:

Assistent/ barne- og ungdomsarbeider, Høye Rue

Tlf: 91731095



HOVUDMÅLSETJING

Vi som arbeider ved Flatdal SFO har fylgjande hovudmålsetjing for arbeidet:

Barna skal få ein trygg kvardag prega av mykje leik, humor og glede.

At borna kjenner seg trygge er den viktigaste faktoren for at barna skal trivast på SFO. Derfor er det viktig at barna på SFO møter dei same normene og reglane som på skulen. Når barna føler seg trygge på kvarandre, utviklar dei venskap på tvers av alder, noko som er ei positiv oppleving for alle.

Trygge barn er som oftast glade barn, og vi vil ha mykje latter og glede i kvardagen vår.

Vi legg stor vekt på frileik både ute og inne.

For oss er det viktig å hugse på at den tida ungane oppheld seg her, er deira fritid. Vi vaksne vil vera til stades for dei, og leggje til rette.

Barna skal gjennom leik:

- ***Få erfaring med å løyse konflikhtar og få sosiale erfaringar.***
- ***Kunne uttrykkje egne behov i gruppa, og ta omsyn til andre.***
- ***Få del i barna sin eigen kultur i samvær med andre barn.***



DAGSRYTMEN

Måndag- tysdag- onsdag- fredag:

7.30- 8.30- Frileik og spel. Dei som ikkje har ete frukost heime kan gjere det på SFO.

8.40-14.10 - Skule

Kvar dag:

14.10-14.15: opprop

14.15-15.00: mat

15.00-16.30: frileik/aktivitetsgruppe/leksehjelp

Onsdag:

14.15-14.50: matgruppe

14.50-15.20: mat

15.20-16.30: frileik /aktivitetsgruppe



AKTIVITETAR

Den fyrste månaden har vi brukt til å bli kjend på SFO, skulen og med kvarandre.

Vi har dei siste åra fokusert på kosthald og dette held fram. Barna er med å lage mat kvar onsdag. Barna er delt inn i fire grupper som rullerar på å ha matansvar.

Aktivitar:

- matlaging
- ballspel ute og inne
- handarbeid
- gymsalaktivitetar
- bibliotek og leseaktivitetar
- musikkaktivitetar
- frileik ute og inne
- leksehjelp

LEKSEHJELP

SFO kjem til å ha leksehjelp som fellesaktivitet på måndagar. Dei av dykk som ikkje vil at barnet dykkar skal gjere lekser på SFO, sei frå til Linda eller Christina.

UTETID

På SFO er vi ute kvar dag. Difor er det viktig med regntøy som passar, varme klede og godt med skift. **MERK KLEDA**, for mange har likt regntøy og like støvlar. (Vi har tusjar på SFO.)



SAMARBEID

Samarbeid med foreldre/ føresette:

Eit av måla til dei tilsette ved SFO er å arbeide for at barn og vaksne skal føle seg velkomne når dei kjem. Den daglege kontakten vi har med foreldre/ føresette er viktig for å bli kjent og for å kunne utveksle informasjon.

Samarbeid med lærarane:

Vi har tett kontakt med lærarar og andre vaksne som jobbar med ungane.



LITT PRAKTISK INFORMASJON

BESKJED VED FRÅVÆR:

Dersom barnet enkelte dagar ikkje skal på SFO, må vi ha beskjed. Dette skrivast i meldingsboka.

KJØP AV TIMAR:

Dersom de har behov for å kjøpe plass ein dag de ikkje har SFO-plass, er det mogeleg. Det er bare dei ungane som allereie har eit SFO-tilbod som kan nytte seg av kjøpeplass.

Timepris: kr 54 + kostpengar kr 10 pr dag. Gje beskjed til rektor.

MAT:

Dei som treng frukost får dette. Elles er det eit måltid kvar dag.

KLESSKIFT:

Føresette må passe på at barna alltid har eit ekstra sett med tøy liggande i "boksen" sin.

LEKSER:

Kvar måndag er det leksehjelp. Sjekk leksene som er blitt gjort, det er ikkje sikkert elevane rekk å gjere alle leksene sine, og SFO-personalet rekk ikkje å sjå over sluttresultatet til alle.

HENTING:

Gje alltid beskjed til ein av dei vaksne når de hentar barnet.